



Gunn Terese Haukeland  
Vetåsvegen 117  
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/7850 - 23/63767

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:  
16.08.2023

## Ferdigattest garasje - gbnr 484/37 Haukeland søndre

**Administrativt vedtak:** Saknr: 842/23  
**Tiltakshavar:** Gunn Terese Haukeland  
**Ansvarleg søkjar:** Fjeldstad & Sandvik Tømrerteam AS  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK

**Det vert gjeve ferdigattest for dobbel garasje med loft på gbnr 484/37. Vedtaket vert gjeve med heimel i plan- og bygningslova § 21-10. Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. §20-1, bokstav d.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 21.06.2022.

Det vert elles vist til søknad motteken 08.08.2023.

### Skildring

Adresse:	Vetåsvegen 117
Bygningstiltak:	Garasjeuthus
Bygningsnummer:	301077278
Bruksareal:	78,8m <sup>2</sup>

## GENERELL INFORMASJON

### Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følger av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/7850

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Trygve Solberg  
Sakshandsamar

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

Fjeldstad & Sandvik

Tømrerteam AS

Gunn Terese Haukeland

Roslandsvege 5918

n 364

Vetåsvegen 5938

117

FREKHAUG

SÆBØVÅGEN